

Detaljreguleringsplan for Grønbogen fjelltak og masselagringsplass

Reguleringsføresegner

PlanID: 3431-0093.

1. Siktemålet med planen

Planen har som mål å legge til rette for utviding av eksisterande fjelltak og masselagringsplass i Grønbogen på Dombås, med hovudføremåla *råstoffutvinning* og *steinbrot og masseuttak*. Planen skal ivareta omsyn og sikkerheit knytt til jernbane og jernbanetunnel, og sikre tilkomst til planområdet og vegetasjonsskjermer kring uttaks- og lagringsområde. Planen regulerer LNFR-areal, og legg opp til at arealet innanfor planavgrensinga i hovudsak skal attendeførast til LNFR-føremål etter at uttaket i fjelltaket og lagring av massar er ferdig.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Miljøkvalitet

2.1.1 Støy

Krav til støynivå for drift innanfor planområdet skal tilfredsstillе grenseverdiane i gjeldande støyretningsline T-1442/2021, eller seinare versjonar av denne. Driftsplanen skal avklare og gjere greie for driftstider innanfor planområdet.

2.1.2 Støv

Retningsline for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1502, skal følgast, slik at krav til luftkvalitet er tilfredsstilt til ein kvar tid. Tiltak for støvflukt skal iverksettast umiddelbart dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade eller ulempe for jernbanen. Aktuelle avbøtande tiltak skal sikrast og gjerast greie for i driftsplanen.

2.1.3 Avrenning

Avrenning frå fjelltaket og masselagringsområdet skal leiast til og samlast opp i sedimentasjonsbasseng, før vatnet leiast vidare ut til resipient eller infiltrerast i grunn. Tiltak mot avrenning frå fjelltaket/masselagringsområdet til vassdrag skal gjerast greie for og sikrast i driftsplan.

2.1.4 Høgspenkablar

H370 er faresone kring eksisterande 22 kV. høgspenktlinje. Innanfor faresona på 12 meter er det ikkje tillate med tiltak, grunnarbeid eller faste konstruksjonar utan godkjenning frå netteigar. Ved ei eventuell omlegging av høgspenktlinja gjeld ikkje restriksjonane for avsett faresone H370 i plankartet.

2.2 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.2.1 Terrenginngrep

Ved inngrep i terreng som medfører fjerning av toppdekke, skal dette lagrast for attendeføring ved anleggsslutt. Alle terrenginngrep skal arronderast og revegeterast, med stadeigen vegetasjon frå omkringliggende skog, ved anleggsslutt for attendeføring til LNFR-føremål.

2.2.2 Sikringsgjerde

For å sikre at SM og RU1-2 er forsvarleg sikra mot ulykker for personar, beitedyr og vilt, skal areala skjermast frå LNFR-arealet med gjerde. Gjerdet skal ha ei høgd på min. 1,0 m. Gjerde som ikkje står inntil bratte/høge brotkantar på over 1 m, skal fjernast ved ferdig drift i fjelltaket og masselagringsområdet.

Det skal og etablerast gjerde mot JB og ABT1-4, for å sikre mot ulykker for personar, beitedyr og vilt, og for å hindre at element frå anlegget hamnar innanfor jernbaneføremål. Gjerdet skal ha ei høgd på min. 2,0 m, og kan etablerast innanfor ABT1-4, VS1-4 og SAA1-2. Det skal etablerast ein port i gjerdet, for å sikre tilkomst for jernbanetilsette.

2.2.3 Sprenging

Før det tillatast sprenging innanfor føremål SM, skal det føreligge sprengingsplan og salveplan, som skal godkjennast av bergsprengingsleiar.

Jernbanesporet skal stengast for ferdsle ved sprenging i anlegget, og ved transport av masse frå areal innanfor RU2 omfatta av omsynssone H130_1.

2.2.4 Skogbrann

I periodar der lokalt brannvesen har varsla om særskild skogbrannfare, tillatast det ikkje sprenging, boring og annan aktivitet innanfor planområdet som kan auke faren for brann.

2.3 Arkeologiske kulturminne (§ 12-7 nr. 6)

Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller deira sikringssone på 5 m. Melding om funnet skal straks sendast til kulturminnemyndighetene utan ugrunna opphald, slik at desse kan synfare området og ta stilling til om tiltaket kan fortsette, og eventuelt vilkåra for dette.

Det er viktig at dei som utfører arbeid i marka blir gjort kjent med denne føresegna.

3. Føresegner til arealføremål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Fellesføresegner

Driftsplan

Uttaket skal fylgje ein etappedelte driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal til ein kvar tid vere godkjent av Direktoratet, og skal ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Direktoratet. Ved behov for endringar skal det søkast til Direktoratet og føreligge godkjend løyve før tiltak kan gå i gang.

Driftstider

Sprenging innan føremål SM tillatast frå og med august til og med februar. Øvrige driftstider og restriksjonar skal sikrast i driftsplanen.

Istandsetting og tilbakeføring

Istandsetting og revegetering av areal innanfor planområdet skal skje fortløpende etter at uttak er ferdig og lagra massar er fjerna. Lagra massar frå toppdekket skal leggst øvst, og det skal leggst til rette for at vegetasjon raskt kan reetablerast. Ved såing/planting skal stadlege artar nyttast. Det tillatast ikkje deponering av forureina jord- og steinmassar, herunder mellomlagring av massar. Areal skal settast i stand og revegeterast for attendeføring til LNFR-føremål – skogbruk.

Vendeareal

Innanfor føremåla SM og RU1-2 skal det leggst til rette for tilstrekkeleg vendeareal for liten lastebil, slik at utrykkingskøyretøy har tilkomst og naudsynt manøvreringsareal.

3.1.2 Råstoffutvinning (RU1-2)

Innanfor føremål RU1 tillatast lagring av masse, samt oppføring av lagerbygg/verkstadhall og etablering av vekt for lastebilar.

Innanfor RU2 tillatast lagring av masse, samt etablering av asfaltverk og anleggsvegar. Det tillatast etablert tiltak knytt til sedimentasjonsanlegg.

3.1.3 Steinbrot og masseuttak (SM)

Innanfor føremålet tillatast drift av steinbrot, herunder lagring, knusing, sortering og foredling av massar. Steinbrotet skal driftast i medhald av gjeldande driftsplan. Det tillatast etablert midlertidige bygningar som er naudsynte for drift av anlegget. Botnen av masseuttaksområdet skal vere flat, for å hindre at maskinar og anna materiell trillar ut i sporet.

3.1.4 Forureining

For å hindre/reducere forureining frå fjelltaket og masselagringsområdet til omkringliggende vassdrag, skal det i samband med driftsplan prosjekterast sedimentasjonsbasseng, for å redusere omfanget av sedimenttransport og sedimentering i vassdrag.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Kjøreveg, privat (KV)

Føremålet regulerer privat tilkomst til føremål RU2. Vegen er regulert med ei køyrebanebredd på 4,5 meter og vegskulder på 0,5 meter på kvar side av køyrebane, totalt 5,5, meters reguleringsbredd. Det kan etablerast møteplassar langs vegen, med ei total bredd på køyreveg, møteplass og vegskulder på til saman 6,0 meter, og med plassering som vist i plankartet. Vegen skal ha grusdekke. Tilkomstveg skal stengast med låsbar bom for å hindre uvedkommande tilgang til området., jf. pkt. 5.2.2.

3.2.2 Trasé for jernbane (JB)

Føremålet regulerer eksisterande jernbanetrasé for jernbanen. Føremålet regulerast med ei breidd på 10 m. Alle tiltak innanfor føremålet skal godkjennast av baneigar, jf. Jernbanelovas § 10.

3.2.3 Annan banegrunn – tekniske anlegg (ABT1-4)

Føremålet regulerer areal tilgrensande jernbanen (JB). Innanfor føremålet tillatast tiltak som er

naudsynt for jernbanedrifta og -anlegget. Alle tiltak skal godkjennast av baneigar før igangsetting.

3.2.4 Kombinert føremål:

Annan banegrunn – tekniske anlegg kombinert med råstoffutvinning (SAA1-2)

Føremålet regulerer areal for kombinert føremål tekniske anlegg og råstoffutvinning. Innanfor føremålet tillatast det etablert anlegg/tiltak i tråd med føremåla, forutsett at det ligg føre naudsynte løyver frå offentlege myndigheiter.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Vegetasjonsskjerm (VS1-4)

Innanfor føremål VS1-4 skal eksisterande tre- og buskvegetasjon ivaretakast. Eventuell tilplanting skal vere med stadleg vegetasjon. Skjøtsel av vegetasjon innanfor føremåla tillatast. Flatehogst er ikkje tillate. Det tillatast oppført sikringsgjerde innan føremåla.

3.4 Landbruk-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 Skogbruk (SKOG1-3)

Føremålet regulerer eksisterande LNFR-areal med underføremål skogbruk. Det tillatast ikkje flatehogst innanfor føremålet. Skjøtsel og plukkhogst tillatast. Tiltak for etablering av anleggsveg tillatast berre innanfor føresegnområde # 1 jf. pkt. 5. Det tillatast ikkje lagring av utstyr og maskinar innanfor føremålet, og arealet skal heller ikkje nyttast til parkering.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikringszone

Byggeforbod rundt bane (H130 1-2)

Innanfor sona gjeld eit generelt byggeforbod, jf. jernbanelova § 10. For tiltak innan denne sona må det føreligge skriftleg godkjenning frå baneigar.

Det tillatast ikkje deponering av massar innanfor sona.

4.2 Faresone

Annan fare (H390)

Faresona regulerer ei buffersone på 50 m frå jernbanetunnelen, der det ikkje tillatast sprenging.

Det tillatast ikkje deponering av massar innanfor sona.

5. Føresegner til føresegnområde (#1)

Mellombels bygge- og anleggsområde (#1)

Innanfor sona tillatast etablert mellombelse anleggsvegar tilknytt drift i SM. Ved avslutting av fjelltaket, skal vegen attendeførast til føremål LNFR-areal - skogbruk. Arealet skal arronderast og revegeterast med stadlege massar.

6. Rekkefølgeføresegner

6.1 Før løyve til tiltak for areal SM og RU1-2

6.1.1 Driftsplan

Før det vert gjeve løyve til tiltak innanfor føremåla SM og RU1-2 skal det føreligge godkjent driftsplan og driftskonsesjon som inkluderer heile planområdet.

6.2 Før bruksløyve for areal SM og RU1-2

6.2.1 Gjerde

Gjerde, i medhald av kap. 2.2.2, skal etablerast før bruksløyve for areal SM og RU1-2 vert gjeve.

6.2.2 Bom

Tilkomstveg KV skal sikrast med låsbar bom for å hindre uvedkommande tilgang til anlegget. Denne skal vere etablert før bruksløyve for areal SM og RU1-2 vert gjeve.

6.2.3 Sedimentanlegg

Sedimentanlegg, inkludert samlegrøfter, skal vera etablert før bruksløyve for areal SM og RU 1-2 vert gjeve. Sedimentbassenga skal så langt det let seg gjere, plasserast utanfor sikringssona langs jernbanen.

6.3 Rekkefølge i tid

6.3.1 Avslutning av anlegg

Anlegget skal seinast to år etter avslutta drift vere rydda, sett i stand og revegetert til føremål LNFR – skogbruk.